

Omfanget av introduksjonsprogrammet

Deltema 3



Statsforvaltaren i Vestland



10.03.2026



Bakgrunnen for temaet

Tema for det nasjonale tilsynet i 2013-2016

- Omfattande brot på regelverket:
 - Programmet følgte skuleruta og arbeidstidsreglane for lærarar
 - Utilstrekkelege aktivitetar i skuleferiar og på fridagar
 - Korte undervisningsdagar og eigenaktivitet utan oppfølging
 - Utfordringar med å finne praksisplassar – avgrensa tilbod
- Dårlegare kvalifiseringstilbod enn lova legg opp til
 - Lengre veg til vidare utdanning eller arbeid



Avgrensning av temaet

Konkrete vurderingar knytt til tilpassingar for kvar enkelt deltakar, jf. § 14 a andre ledd

- Behandlingsopplegg eller program tilpassa store omsorgsoppgåver

Omfanget av opplæring i norsk og samfunnskunnskap, livsmeistring og foreldrerettleiing

Krav til omfanget av arbeidsretta element inngår i tilsynet

- Forsterke effekten av å ha innført kravet



Heilårleg og på fulltid

Integreringslova § 13

- Deltakarar med utdanning på vidaregåande nivå
- Siste ledd: «Introduksjonsprogrammet skal være helårig og på fulltid»

Integreringslova § 14

- Deltakarar som ikkje har utdanning på vidaregåande nivå
- Første ledd: «Programmet skal være helårig og på fulltid»



Heilårleg

- Eit normalt arbeidsår
 - 47 veker i året
 - Introduksjonsstønad heile året
- Opptil 25 yrkedagar ferie
 - Kommunen bestemmer
 - Ikkje plikt til å tilby opplæring
- Deltakarar i fulltid i vgo
 - Tilbod i skuleferien

Kortare program:

- Stønad for tida dei går i program
- Seks månadar program = 12 ½ dagar ferie



Fulltid

- Omfang på 30 til 40 timar per veke
 - Gjennomsnitt på 37,5 timar
- Ein time = 60 minutt
 - For alle element
- Pausar
 - Kommunen står fritt
 - Må avgjerast ut frå ei pedagogisk vurdering
 - Må vere føreseieleg
 - Relativt lik praksis for alle
 - Organiserast på ein slik måte at deltakaren kan nå målet
 - Kan ikkje slå saman timar og leggje pausane mot slutten



Program med atskillig eigeninnsats

- 30 timar per veke
- Timane kan ikkje fyllast med eigenaktivitet
 - Element i tråd med reglane for innhald programmet
- Deltaking i vgo på minimum 30 timar oppfyller kravet
 - Eventuelt andre element i tillegg



Program på deltid?

- Vurdert ved innføring av introduksjons- og integreringslov
 - Omsyn til personar med omfattande omsorgsoppgåver eller helserelaterte utfordringar
- Omsyn som taler imot
 - Kan hindre progresjon
 - Behov for supplerande økonomisk sosialhjelp
 - Bør speigle arbeidslivet

Stort handlingsrom til å tilpasse programmet:

- Element som bidrar til at programmet kan gjennomførast
 - Trening, fysioterapi og uteaktivitetar
- Legge til rette for personar med omsorgsansvar



Minstekrav til arbeidsretta element

Integreringslova § 14 a første ledd bokstav a

- Minst innehalde arbeids- eller utdanningsretta element

Integreringslova § 14 a tredje og fjerde ledd

- Gjeld deltakarar som skal kvalifisere for arbeid
- Minstekrav til omfang av arbeidsretta element
- Tidspunktet elementa skal gis
- Listar opp døme på arbeidsretta element



Omfang og tidspunkt

Minst utgjere 15 timar i veka

Deltakarar som har utdanning på vidaregåande nivå eller høgare

- Kravet gjeld etter tre månadar i programmet
 - Frå den fjerde månaden

Deltakarar utan utdanning på vidaregåande nivå frå før

- Kravet gjeld etter tre månadar
 - Frå den sjuande månaden



Arbeidsretta element

Lovteksten nemner

- praksis på ein arbeidsplass
- arbeid på deltid
- korte yrkes- eller bransjekurs
- arbeidsmarknadstiltak i regi av Nav
- andre liknande tiltak
 - tiltak som ligg nært opp til desse tiltaka